



 SparebankenVest



Invitasjon til



Seljecup 2022

10. - 12. juni

Gutar/jenter 6-17 år



**Påmeldingsfrist
25. april**



Velkommen til årets fotballfest!
www.seljecup.no

VÅRE HOVUDSPONSORAR:

 SparebankenVest

COOP
prix



Seljecup 2022, 10. - 12. juni

Selje Idrettslag har igjen gleden av å ønske velkommen til Seljecup. Vår tradisjonsrike og svært populære cup blir i år arrangert for 26. gong. I 2019 feira Seljecup 25-årsjubileum med ei fantastisk cuphelg, deltakarrekord tett på 160 lag, over 1200 spelarar frå over 30 klubbar. I 2020 og 2021 måtte Seljecup dessverre avlysast pga. koronarestriksjonar. No håpar vi alle at cupen i år kan gå som planlagt.

Laga som deltek på Seljecup kjem hovudsakleg frå Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Hordaland. Noko av det som gjer Seljecup populær er at kampar, overnatting, matserving og alle aktivitetar føregår i og omkring Selje Idrettspark.

Kamptidspunkta vert så langt råd tilpassa reiseavstand og ønskje frå klubbane. Vi gjer merksam på at vi må sette ei øvre grense for kor mange lag som kan delta i turneringa. Det løner seg difor å vere tidleg ute med påmeldinga, «først til mølla.....»

Vi håpar på ein ny cupsuksess med fotball, vennskap og glede. La oss alle hjelpe kvarandre til FairPlay både på og utanfor bana. Selje IL har i mange år hatt stort fokus på FairPlay. På bakgrunn av dette har klubben fire gonger vorte kåra til «Årets FairPlay-klubb» i Sogn og Fjordane. Seljecup har også fokus på FairPlay, noko som vil vise igjen under cupen.

Velkommen til årets fotballfest i Selje!

Klasseinndeling

Kode	Klasse	fødde etter	Speletid	Lag
Miniputt-klasser:				
A G6	Gutar 6 år	01.01.16	2 x 7 min	3-ar
B G7	Gutar 7 år	01.01.15	2 x 7 min	3-ar
C G8	Gutar 8 år	01.01.14	2 x 10 min.	5-ar
D G9	Gutar 9 år	01.01.13	2 x 10 min.	5-ar
E J6	Jenter 6 år	01.01.16	2 x 7 min.	3-ar
F J7	Jenter 7 år	01.01.15	2 x 7 min.	3-ar
G J8	Jenter 8 år	01.01.14	2 x 10 min.	5-ar
H J9	Jenter 9 år	01.01.13	2 x 10 min.	5-ar

Kode	Klasse	fødde etter	Speletid	Lag
Andre klasser:				
I G10	Gutar 10 år	01.01.12	2 x 13 min.	7-ar
J J10	Jenter 10 år	01.01.12	2 x 13 min.	7-ar
K G11	Gutar 11 år	01.01.11	2 x 13 min.	7-ar
L G12	Gutar 12 år	01.01.10	2 x 13 min.	7-ar
M J11	Jenter 11 år	01.01.11	2 x 13 min.	7-ar
N J12	Jenter 12 år	01.01.10	2 x 13 min.	7-ar
O G13	Gutar 13 år	01.01.09	2 x 13 min.	7-ar
P G14	Gutar 14 år	01.01.08	2 x 13 min.	7-ar
Q J13	Jenter 13 år	01.01.09	2 x 13 min.	7-ar
R J14	Jenter 14 år	01.01.08	2 x 13 min.	7-ar
S G15-17	Gutar 15-17 år	01.01.05	2 x 13 min.	7-ar
T J15-17	Jenter 15-17 år	01.01.05	2 x 13 min.	7-ar



Turneringsplan

Hovudturneringa med klasser frå 10-17 år er frå fredag-søndag (avslutning ca.kl.14.).

Mini-turneringa «Kongleriket» med klasser frå 6-9 år, går på søndag frå ca.14 - 18.

Miniklasser: G6, G7, J6, J7 (3-ar) og G8, G9, J8, J9 (5-ar) I miniklassane vert turneringa avvikla på søndag 12. juni. Alle laga spelar 3 kampar. Vi oppfordrar klubbane om å melde på reine minijentelag. For å gje eit best mogeleg kamptilbod kan einskilte klassar bli slegne saman, dersom antal påmelde lag tilseier det.

Sogn og Fjordane Fotballkrets si terminfesta mini-turnering, «Kongleriket», inngår som ein del av Seljecup

2022. Vi ønskjer også andre klubbar velkomne med minilag.

Klassane: G10, J10, G11, J11, G12, J12 (7-ar) For overnattande lag vil kampene i utgangspunktet gå på laurdag og søndag, med totalt ca. 5 kampar. For ikkje overnattande lag vil kampene i utgangspunktet bli avvikla på laurdag med minst 3 kampar.

Klassane: J13, G13, J14, G14 (7-ar) Etter innleiande kampar med gruppespel på laurdag, vert det sluttspel på søndag. Dersom mange nok lag vert det både A- og B-sluttspel. Dersom for få lag vil ein vurdere å slå saman 13/14år til ei klasse.

Klassane: J15/16/17, G15/16/17 (7-ar) Kampene vert i utgangspunktet spelt fredag kveld.



Reglement og dispensasjonar

* Dispensasjonar/overårige: Spelar som i seriespel har godkjent løyve/dispensasjon kan delta, jmf. Breiddereglement NFF §2.3 (unntak frå krava til alder) og §2.4 (dispensasjon frå krava til alder).

På 5-ar/7-ar lag maksimum 1 spelar overårige/med dispensasjon på bana samtidig.

I særlege tilfelle kan cupen innvilge unntak frå reglane. Vi minner om at bruk av spelarar med dispensasjon er siste utveg, ikkje for å styrke laget sportsleg, men for å gje den einskilde spelar eit tilbod.

* Samansette lag i kretsserien: må saman med påmeldinga vedlegge stadfesting frå eigen krets om at laget også spelar som eit samansett lag i kretsserien.

* Ein spelar kan berre spele på eit lag i same klasse.



Premiar

Seljecup 2022 vil følgje opp våre tradisjonar med flotte premiar til alle deltakarar.

Alle spelarar får individuell deltakarpremie. Pokalar til dei 4 beste laga i kvar klasse i A-sluttspel, 3 beste laga i B-sluttspel.



Prisar

Miniklasser 6 - 9 år

Påmeldingsavgift: kr. 800 pr. lag.

Deltakaravgift: A-kort: kr. 200. Deltakarpremie.

For lag påmelde SFFK mini-turnering «Kongleriket» er alt gratis, ikkje lagsavgift eller deltakaravgift!

Andre klasser 10 - 17 år

Påmeldingsavgift: kr. 800 pr. lag.

Deltakaravgift: Alle må ha A- eller C-kort, ca. antal bestillast ved påmelding.

A-kort: kr. 200. Deltakarpremie.

C-kort: kr. 850. (inkl. overnatting og mat m.m.). Gjeld både for

spelarar og leiarar.

Overnatting på skule, barnehage og andre lokaler: fredag til søndag (alle må ha med liggjeunderlag og sovepose). 5 måltid: fredag kveldsmat, laurdag frukost/lunsj/middag, søndag frukost + lunsjpakke. Deltakarpremie. Med i trekninga av gåvepremiar. Gratis adgang til cupdiskotek laurdag kveld.

Vi reknar med at dei fleste overnattande lag kjem fredag kveld. Dersom laget ikkje ynskjer å kome før laurdag, må dette i tilfelle meldast frå om ved påmeldinga.



Overnatting

* **Seljecupens overnatting C-kort (må bestillast saman med påmeldinga):**

Det brukar å vere stor rift om overnattingsplassane. Cupens populære C-kort inkluderer overnatting frå fredag til søndag, alle måltid, cupdiskotek m.m.

Overnattingsstader i Selje sentrum: Selje skule, Selje barnehage, klubbhus og andre lokaler.

Andre aktuelle overnattingsstader (ca. 10 - 20min frå Selje sentrum).

* **Privat overnatting (må bestillast direkte med overnattingsstaden):**

Nettstad/informasjon om overnatting og mykje anna:

www.hjartestad.no

Selje Turistinformasjon: tlf. 40 44 60 11

Stad kommune: tlf. 57 88 58 00



Påmelding/tidsfristar/betaling

Seljecup brukar å bli fullbooka. Ver difor tidleg ute med påmeldinga, «fyrst til mølla» gjeld.

* **25. april: Siste påmeldingsfrist**

Påmelding kan skje elektronisk via link (Tournament x) på vår heimeside: www.seljecup.no

eller send mail til post@seljefotball.no Laga vert registrert etter tidspunktet for innbetalt påmeldingsavgift.

* **Innan 15. mai: Betaling deltakaravgift**

Frist for betaling av individuell deltakaravgift (A- eller C-kort) er 15. mai. Dersom det blir innbetalt for lite eller for mykje på førehand i høve antal spelarar, kan dette rettast opp seinare og/eller ved innsjekking på cupen.

Påmeldingsavgift (kr.800,- pr. lag) vert ikkje refundert dersom eit lag trekkjer seg etter 15.mai.

* **Innan 1. juni: Kampoppsett**

Kampoppsett vert sendt ut innan 1.juni. Lag som evt. trekkjer seg etter dette, kan ikkje gjere rekning med å få refundert innbetalt individuell deltakaravgift (A- eller C-kort).



Velkommen til Seljecup - www.seljecup.no



Seljecup 2022 - andre opplysningar

- * Tradisjonsrik og populær cup, der det er lagt til rette for at både barn og voksne kan kose seg. Overnatting, mat og alle aktiviteter er samla i og omkring Selje Idrettspark.
- * Flott kunstgrasbane gjev gode speletilhøve.
- * Cupdiskotek laurdag kveld. Gratis for alle med C-kort, andre betaler kr. 50.
- * Kiosk, kafe/serveringstelt og fruktsal. Grilling laurdag og søndag ettermiddag. Våre kokkar syter for framifrå matservering.
- * Eit rikholdig program utanom kampene med ulike aktiviteter.
- * Selje har mykje å by på sommarstid som t.d. Seljesanden, Selje kloster, Vestkapp, Dragseidet med Olavskrossen,

surfing i Hoddevik, fjelltur i merka turløyper, fiske, golf eller andre ting.

BUA, i Selje sentrum, med utlån av aktivitetsutstyr til born, ungdom og familiar.

Ta med familien, og sett av denne helga til eit besøk i kystperla Selje!



Seljecup 2022:

Adresse:

Seljecup 2022,
Fotballgruppa, 6740 Selje

E-post:

post@seljefotball.no
Bankkonto: 3845.07.10374
Heimeside Seljecup:
www.seljecup.no

Kontaktpersonar:

Cupinfo:

Atle Solheim
99 24 76 87
post@seljefotball.no

Matservering:

Anne-Britt D. Rekdal
95 84 46 84
anne_britt_65@hotmail.com
Svein Rekdal
41 69 18 42
srekdal@online.no

Overnatting:

Trond Sætren
41 28 72 07
trond.setren@gmail.com



VI ER HER, FOR SELJECUP.

KOM

Du skal sleppe å sjå oss på bana, men vegen fram er vi med på.

 SparebankenVest



Velkommen til Seljecup - www.seljecup.no